



Årsmøte 2018 Hafslo idrettslag



Innhold

Saksliste	3
Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2018	4
Årsmelding frå stadionstyret	11
Årsmelding frå hoppgruppa	13
Årsmelding for alpingruppa	17
Årsmelding for foreldrelaget for aldersfastlagd fotball	21
Årsmelding for fotballgruppa	22
Årsmelding for orienteringsgruppa	32
Årsmelding for trimgruppa	33
Årsmelding frå barneidretten	35
Årsmelding frå langrennsgruppa	37



Saksliste

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av saksliste
4. Val av møteiar og skrivar
5. Val av to medlemar til å skriva under møteboka
6. Årsmelding frå styret
7. Årsmelding frå gruppene
8. Rekneskap
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Budsjett
11. Innkomne saker
 - a. Handlingsplan 2019-2022
 - b. Anleggsplan 2019-2022
 - c. Andre innkomne saker
12. Val

Oppdatert saksliste med aktuelle saksdokument vert gjort tilgjengeleg på heimesida vår, www.hafslo-il.no, seinast torsdag 31. januar 2019.

**Vel møtt til årsmøte på Eikum Hotell,
torsdag 7. februar 2018 kl. 19.30**

Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2018

Styret

Leiar:	Ove Midtbø
Nestleiar:	Sandhya Karlsen Holene
Sekretær:	Kari Merete Henjum
Økonomikontakt:	Birthe Johanne Fredheim Finstad
Styremedlem:	Erna Hamrum
Styremedlem:	Geir Arne Kvam
1. varamedlem:	Nina Cirotzki
2. varamedlem:	Hanne Kvam

Gruppene

Langrennsgruppa: *Kjersti Eikum Tang – leiar, Jorunn Hillestad Sekse, Kurt Norheim, Trond Sekse*

Hoppgruppa: *Per Birger Lomheim – leiar, Jon Ove Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie, Ellen Sophie Wangenstein Fredheim, Geir Afdal*

Alpingruppa: *Jørgen Ulrik Berg – leiar, Hans Olav Hellesøe, Elisabeth Sætren, Kjetil Aspelund*

Barneidrettsgruppa: *Laila Haugsvær – leiar, Monika Reime – nestleiar*

Trimgruppa: *Katrin Lægreid Nes – leiar, Adrienne Kvam, Audhild Moe, Line Hillestad Espeland, Ann-Elisbeth Skjerven, Tomas Kjølraug*

Fotballgruppa: *Kai Inge Cirotzki – leiar, Anne Therese Moen, Mette Johannessen, Nils Einar Sørhoel, Asbjørn Kjos*

Orienteringsgruppa: *Pål Iversen – leiar, Trond Sekse, Ove Oklevik*

Stadionstyre: *Birger Moene – leiar, Jonny Moen, Knut Helge Røneid*

Økonominemnd: *Hovudstyret ved nestleiar Sandhya K. Holene – leiar, Margrete Sørhoel Røneid, Sigfrid Ahlin Sørve, Thomas Skjerven, Ove Midtbø*

Foreldrelaget: *Erna Hamrum – leiar, Jim Sletten, Elisabeth Fimreite*

Lerum-cup nemnd: *Geir Afdal – leiar, Erna Hamrum, Sverre Kjos-Wenjum, Ove Midtbø, Kai Inge Cirotzki (fotball), Kurt Lerum og Hans Olav Hellesøe (parkering)
Erna Hamrum, Britt Brugrand, Ann-Elisbeth Skjerven (kiosknemnd)*

Skøyteutval: Per Ivar Lomheim, Terje Kalhagen

Friidrettskontakt: Line Hillestad Espeland

Hafslovatnet rundt-nemnd: Langrennsgruppa. Styret i dialog med særgruppene fekk mandat frå årsmøtet til å finne seks personar til.

Idrettsråd: Ove Midtbø, Kai Inge Cirotzki

Ungdomskontakt: Har ikkje hatt ungdomskontakt 2018

Revisorar: Gerd Westby Haugen, Herman Odd Stein

Vararevisor: Jon Ove Lomheim

Valnemnd: Styret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2018.

Møte og tilstellingar

Det har vore 6 styremøte og 5 utvida styremøte med gruppeleiarane i 2018.

Sandhya Karlsen Holene og Per Birger Lomheim representerte Hafslo IL på Idrettskrinstinget i Sogndal 13.–14. april.

Ove Oklevik, Anne Therese Moen, Sandhya Karlsen Holene, Per Birger Lomheim, Erna Hamrum representerte laget på årsmøtet til Luster idrettsråd 26. april.

Ove Midtbø, Per Birger Lomheim, Kjersti Eikum Tang, Jorunn Hillestad Sekse og Ove Oklevik representerte laget på generalforsamlinga til Sogn Skisenter 8. mai 2018.

Per Birger Lomheim, Jon Ove Lomheim representerte Hafslo IL på ekstraordinært skikrinsting 14. mai 2018.

Ni personar deltok frå Hafslo IL på Idrettens møteplass i Sogndal 27. oktober 2018.

Kai Inge Cirotzki, Geir Arne Kvam og Vivian Kvam representerte laget på miljøhelga i regi av fotballkretsen 24.–25 november.

Saker

Styret har handsama 92 bokførte saker i 2018. Dette utgjer i hovudsak vanlege styremøtesaker, og vi har ikkje hatt behov for ekstraordinære styremøte i år. Ein del epostkommunikasjon mellom styremøta har det vore, og det har vore god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene gjennom året. Vårt inntrykk er at særgruppene arbeider godt og handterer innkomne saker på ein god måte.

Medlemstal

Medlemstalet har halde seg stabilt med ei lita auke, frå 664 medlemmar i 2017 til 675 medlemmar pr. 31.12.18.

Utdanning

16.–17. mars arrangerte idrettskrinsen i samarbeid med Hafslo IL aktivitetsleiarkurs for 17 engasjerte deltakarar frå heile fylket på Hafslo barne- og ungdomsskule. Eli Sletten, Gabriela Alberska, Kristine Fardal Norheim og Per Birger Lomheim deltok frå Hafslo IL.

NFF Sogn og Fjordane samarbeidde med fotballgruppa om «Grasrottenar – delkurs 2» i Moane onsdag 27. juni.

Eli Sletten, Gabriela Alberska, Kristine Fardal Norheim og Katrin L. Nes gjennomførte kurs innan Paraidrett i samband med Idrettens møteplass i Sogndal 27. oktober.

Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund

Økonomisk resultat

Økonomien til Hafslo er god og stabil. Laget har årlege inntekter gjennom dugnad, tilskot og sponsorar. Drifta er økonomisk forsvarleg og nøktern med god kontroll gjennom månadlege rekneskapsrapportar. Også i 2018 har vi hatt avtale med Sogn Rekneskapskontor AS for føring av rekneskapen. Leiar og økonomikontakt har hatt dialog med rekneskapskontoret om føringar og utbetalingar, og dette har fungert godt. Ordninga vert fortløpande evaluert, og vurdert ut i frå om vi skulle få på plass ein kasserar i styret.

Lerum Cup har tradisjonelt vore ei viktig inntektskjelde for Hafslo IL, men i 2018 vart det ein betydeleg nedgang i inntektene som følgje av færre kampar og mindre aktivitet i Moane samanlikna med dei siste åra.

Også i år gav Haustmarknaden eit fint økonomisk resultat og er framleis ei viktig inntektskjelde for idrettslaget. Detaljar om rekneskapen finn ein i rekneskapsoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.

Mottekne midlar

På økonomisida er det stabilt som tidlegare år. Rekneskapen for 2018 viser eit flott resultat for laget. Drifta er god, jf. rekneskapen for 2018.

Styret arbeider kontinuerleg med sponsorane og støttespelarane til laget. I løpet av 2018 har vi forlenga sponsoravtala med hovudsponsoren vår Luster Sparebank fram til 2021. Avtala gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre også framover. Luster Sparebank har også støtta oss ved ulike arrangement og ved innkjøp av utstyr.

I 2018 har vi også forlenga sponsoravtala med NTP Avery Dennison fram til og med 2021. I tillegg til at verksemda støttar oss økonomisk, hjelper dei oss med bestilling og trykking av sponsormerker på klubbkleda våre.

Dei største økonomiske støttespelarane og inntektskjeldene våre i 2018 er:

Luster Sparebank:	kr 128 000
Luster kommune:	kr 160 858
Avery Dennision NTP:	kr 20 000
Norsk Tipping (grasrotandel):	kr 71 071
Momsrefusjon:	kr 89 588
Norges idrettsforbund:	kr 129 145
Haustmarknad:	kr 70 465
Lerum Cup 2018:	kr 145 000

I tillegg er det mange bedrifter i nærområdet som bidreg til mellom anna Haustmarknaden, skiltreklame i Moane, vedlikehald m.m.

Vi vil rette ei stor takk til alle sponsorar, støttespelarar og andre samarbeidspartar som er med og støttar opp om Hafslo idrettslag!

Anlegg

Hafslo IL har ein vedteken anleggsplan gjeldande for perioden 2015–2018. Den har vore revidert i løpet av 2018, og ny anleggsplan for 2019–2022 skal vedtakast på årets årsmøte.

Anlegga våre har generelt god kvalitet. Vedlikehaldet vert utført jamnleg av gruppene og stadionstyret. Stor aktivitet og belastning tilseier at vi fortløpande vurderer behovet for vedlikehald.

Vedlikehaldet i hoppbakkane krev mykje av hoppgruppa. Det vert lagt ned stor innsats kvart år. Leigeavtala med grunneigar i Kvamsbakkane går ut ved utgangen av 2019, og det er under planlegging to små bakkar ved anlegget på Sogn Skisenter. Vi håpar planane vert realiserte slik at vi framleis kan ha eit tilbod om hoppaktivitet på Hafslo i mange år framover.

Kunstgrasbana, 7-ar bana ved Hafslo barne- og ungdomsskule, er eit flott anlegg som er flittig i bruk. I løpet av 2018 har fotballgruppa saman med støttespelarar fått på plass

innbytarbenker ved bana. Særskilt takk til dei som sponsa materialar og dei som bidrog med dugnad for oppføring av innbytarbenkane.

Det har også kome innspel om andre utbetringar ved kunstgrasbana, til dømes betre skilting om reglar for bruk utanom ordinære treningar og kampar, og bygging av tribuner rundt deler av bana. Dette vert teke stilling til i samband med klargjeringa av bana våren 2019. Det vil også vere behov for ein vårdugnad etter at snøen er forsvunne, for fjerning av steinar etter brøyting m.m. Dette er noko stadionstyret/fotballgruppa vurderer behovet for når bana vert klargjort til vårsesongen.

Anlegga i Moane treng stadig vedlikehald. Det er behov for ein større vedlikehaldsinnsats på løpebana rundt fotballbana og kaste- og lengdegropa i Moane. Det var planar om dette i 2018, utan at vi fekk prioritert det. Men dette er noko vi fortløpande må vurdere å gjere i løpet av 2019 og i åra som kjem.

Det vart gjort ei oppgradering av dusjane og toaletta i garderobane i klubbhuset i 2018. I år hadde vi ei veldig flott grasbane i Moane fram til haustregnet sette inn for fullt. Mykje nedbør, og manglande lysanlegg, har gjort det utfordrande å gjennomføre treningar og kampar dei siste to månadane av haustsesongen også i år. Det er derfor behov for lysanlegg i Moane, og styret har lagt inn dette som prioritert tiltak i den nye anleggsplanen som skal vedtakast på årets årsmøte.

Fleire legg ned ein god innsats for å halde anlegget i Moane i god stand. Ei særskild takk til stadionstyret, men også takk til alle andre som bidreg gjennom året.

Idrettslaget har eit godt samarbeid med Sogn Skisenter, Luster kommune og Hafslo barne- og ungdomsskule. Vi har gode treningsforhold i alpinbakken, i langrennsløypene og gode treningsforhold innandørs i gymsalen i Samfunnshuset.

Hafslo idrettslag vil takke alle som har bidrege til å fornye og vedlikehalde anlegga våre i 2018!

Avgidde tillitsvalde

Sogn og Fjordane Orienteringskrins: Ove Oklevik – styremedlem

Styret i Luster Idrettsråd: Ove Midtbø – styremedlem, Kai Inge Cirotzki – varamedlem

Styret i Sogn Skisenter SA: Ove Oklevik – styremedlem, Jorunn Hillestad Sekse – styremedlem, Lars Olav Halleråker – varamedlem, Per Birger Lomheim – varamedlem, Svein Solheim – varamedlem

Norsk Skidommarlaug: Per Birger Lomheim – krins og forbundsdommar

Sogn og Fjordane Skikrins (hopp- og kombinertkomiteen): Jon Ove Lomheim

Sogn og Fjordane fotballkrins (dommarkomiteen og krinsansvarleg instruktør): Geir Arne Kvam

Aktivitet

Hafslo Idrettslag har stor og god aktivitet, både blant aktive, blant medlemer i alle aldrar, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg er ei rekke personar involverte i nemnder og grupper med ulike funksjonar.

Både treningar, konkurransar, renn, kampar, marknad, trim, utstyr, anlegg, planar, dokumentasjon og innsatsvilje skal gjerast på ein god måte for at laget skal drivast tenleg. Foreldreinvolvering er ein av dei viktigaste motivasjonsfaktorane for at dei unge skal trivast, ha utvikling og framgang. Dette er også avgjerande for at gruppene i laget skal kunna tilby og gjennomføra gode treningsøkter, der dei kan ivareta både idrettsfaglege og sosiale behov.

Organiseringa av barneidretten sikrar at all idrettsopplæring for dei under 10 år er samordna mellom særgruppene, og at den er i tråd med retningslinjene frå Norges Idrettsforbund. Alle aktive grupper er med og bidreg til rett og god teknikkopplæring i dei ulike idrettane. Barneidretten i laget er framleis blant dei beste med stor allsidigheit og gode opplegg. Gruppa har mange deltakarar gjennom heile året, og gjer ein flott innsats for rekrutteringa i idrettslaget. Det var særleg imponerande med godt over 100 deltakarar som deltok på vinterens onsdagscup på ski under flotte vinterforhold på Heggmyrane.

Trimgruppa syter for at medlemene blir kjende i nærområdet i bygda heile året. Trimgruppa har fått sett opp fleire nye trimpostkassar i løpet av 2018 og vil også sette opp fleire i løpet av 2018. Trimaktiviteten er jamn gjennom heile året, og trimgruppa gjer ein stor innsats for at alle i bygda delta i aktivitet gjennom året. Vi vil også i år rette ein særskilt takk til leiar av trimgruppa, Katrin Lægreid Nes og ungdomsinstruktørane som bidreg for å halde fram med tilbodet «Idrett for alle» i 2018. Dei har i år teke fleire kurs, og det er kjempeflott at Hafslø IL klarer å oppretthalde det flotte tilbodet for utøvarar med nedsett funksjonsevne i klubben vår.

Orienteringsgruppa har ein jamn aktivitet for medlemmer i alle aldrar og samarbeider godt med naboklubbar.

Fotballgruppa er den største særgruppa i idrettslaget og gir tilbod om aktivitet gjennom heile året. Gruppa legg ned ein stor innsats for at spelarane har gode treningsforhold og får delta i seriespel og turneringar gjennom året. Særskilt takk til styret i fotballgruppa, og alle med frivillege trenar- og oppmannsfunksjonar for dei ulike laga.

Skigruppene gjer også ein stor innsats for å gje utøvarane eit best mogleg tilbod innan langrenn, alpint og hopp. Gode snøtilhøve og ein flott vinter i byrjinga av 2018, bidrog til stor deltaking på onsdagscupen og aktivitetane til skigruppene vinteren 2018. Dette gjeld først og fremst i vintersesongen, men gruppene har også etablert eit populært tilbod om barmarkstreningar i gymsalen om hausten.

Hafslø IL har hatt med deltakarar både på regionale, nasjonale og internasjonale arrangement med fine resultat.

Gruppene har vore arrangørar eller medarrangørar av større og mindre arrangement på lokalt nivå.

Styret vil takke alle som bidreg til at idrettslaget kan tilby stor og allsidig aktivitet gjennom heile året!

Avslutning

Idrettslaget i bygda har mange viktige oppgåver å ivareta. Dei tillitsvalde i idrettslaget gjer eit flott arbeid og legg ned mange dugnadstimar. Så langt som råd skal Hafslo Idrettslag sine interesser kombinerast med einskilde medlemmer, andre lokale lag og organisasjonar, bygdesamfunnet som heilskap og kommunen sine interesser.

Hafslo Idrettslag har som mål å nå flest mogleg. Idrettsgrein, dugleik eller alder er ikkje relevant. Kvar einskild medlem skal få lov til å utvikle seg best mogleg ut frå eigne føresetnader i den idretten ho eller han ønskjer å drive.

Vi skal tenke langsiktig, både når det gjeld idrettsaktivitetar og økonomisk.

Idrettslaget har mange gode sponsorar som stiller opp. Ein stor takk til alle, men særskilt takk til hovudsponsoren vår Luster Sparebank, Luster kommune, NTP Avery Dennison og Sportsbui Sport 1 Gaupne for gode økonomiske avtalar og godt samarbeid i 2018.

Vi har mange medlemmer og høgt aktivitetsnivå. Den gode økonomien til laget kjem i stor grad frå positive medlemmer og bedrifter som stiller opp på dugnad og som tek i eit tak.

Styret vil rette ein stor takk til alle som er med og held aktiviteten oppe i idrettslaget vårt. De gjer ein fantastisk innsats for Hafslo idrettslag gjennom året! Tusen takk alle saman!

Veka etter årsmøtet i fjor, fredag 16. februar 2018, fekk vi den triste beskjeden om at ein av æresmedlemmene våre, Olav Kjos-Wenjum, gjekk bort etter kort tids sjukeleie, 84 år gamal. Olav vil for alltid stå att som ei legende for innsatsen sin for Hafslo idrettslag og for fotballen i fylket. Han vil bli hugsa som ein av idrettslaget sine største profilar og bidragsytarar gjennom tidene. Olav har vore ei av dei største eldsjelene i idrettslaget gjennom historia og vil aldri blir gløymt. Vi rettar ein stor takk til Olav og resten av familien og lyser fred over hans minne.



Årsmelding frå stadionstyret

Gruppestyre: Birger Moene – leiar, Jonny Moen, Knut Helge Røneid

Etter ein snørik vinter, kom våren raskt når den først kom i 2018. Det var mykje snø både i Moane og på kunstgrasbana i byrjinga av april. Det hjalp godt på snøsmeltinga med om lag 20 sekkar blomsterjord på snøen i Moane og om lag 100 liter gummigranulat på kunstgrasbana.



Moane og kunstgrasbana 2. april 2018

Det vart gjennomført dugnad med fjerning av snø på **kunstgrasbana** 16. april, og veka etter var bana fri for snø og kunne takast i bruk. Første seriekamp vart spelt på kunstgrasbana 25. april. Bana fungerer godt og blir mykje brukt, både i skuletida, til treningar og kampar, og elles i ledige stunder. Jonny har også i år sørge for vedlikehald og slodding. Luster kommune lånar ut plenklippartraktor til sloddinga, som har vore utført annakvar veke i høve garantiavtale med Saltex. Det har også vorte etterfylt om lag 0,5 tonn gummigranulat på kunstgrasbana i 2018 som året før.

Fotballgruppa bestilte innbytarbenkar frå yrkeslinja ved Sogndal vidaregåande skule våren 2018, og i august kom desse på plass på kunstgrasbana. Takk til alle som bidrog med dugnad i form av transport, materialar, støyning og montering av innbytarbenkane. Dette er ei flott oppgradering av fasilitetane på kunstgrasbana, og kjem godt med for lag og spelarar som spelar kampar på kunstgrasbana når vêrtilhøva ikkje er dei beste.



Seriekamp på kunstgrasbana 25. april og innbytarbenkar på plass i august.

Grasbana i Moane vart knapt brukt i 2017, og det vart derfor ikkje prioritert å brøyte denne våren 2018. **Grasbana i Moane** var fri for snø siste veka i april, og 30. april vart bana i Moane åpna for miniputt-trening. Årets første seriekamp vart spelt på grasbana i Moane 15. mai.

Sjølv om grasbana må takast tidlegare i bruk enn ønskjeleg for å få avvikla seriekampar, gjekk det likevel svært bra vårsesongen 2018. Som i fjor vart dei første heimekampane i terminlista bytte til bortekampar. Det vart likevel tidleg gode forhold på grasbana i Moane, og godt vedlikehald med gjødsling, regelmessig vatning og fornuftig grasklypping sørja for ei flott grasmatte og gode speleforhold gjennom heile vårsesongen. Det var også gode speleforhold på grasbana under Lerum Cup, og bana klarte seg godt gjennom heile turneringa.



Moane 3. mai og 2. juni – flotte forhold vårsesongen 2018!

Grasbana vart også halden godt ved like i løpet av sommarferien, og det var som vanleg ei flott grasmatte og gode forhold som venta fotballskulen, laga og spelarane i Moane då haustsesongen tok til. I midten av september kom det mykje nedbør, og dette heldt fram utover hausten. Dette bar etter kvart grasbana preg av, og var ei naturleg årsak til at banetilhøva ikkje var dei beste siste del av haustsesongen.

Løpebana rundt grasbana

Løpebana rundt grasbana (friidrettsanlegget) er vorte stadig meir gjengrodd. Det vart sett av midlar til ein større vedlikehaldsinnsats i 2018, men dette vart dessverre ikkje prioritert. Skal ein klare å halde løpebana, lengdegropa og kastegropa i brukbar stand framover, bør det settast av midlar og utførast ein større dugnad på desse delane av anlegget våren 2019.

Klubbhuset

I klubbhuset vart dusjanlegget og toaletta oppgradert av Røyrleggjarservice AS v/Ola Skophamar våren 2018. Det vart også vurdert om det skulle gjerast andre oppgraderingar av vasstilførsla og toalettfasilitetane i Moane. Etter gjennomgang med røyrleggjar, vart det konkludert med at det ville vere såpass store kostnader knytt til dette, at det ikkje ville vere tenleg for Hafslø IL på noverande tidspunkt.

Fasilitetar

Både vasstilførsla og toalettfasilitetane er tilfredsstillande for Hafslø IL sin bruk, men kan vere ei utfordring i samband med større arrangement som Lerum Cup. På grunn av erfaringane frå Lerum Cup 2017 då vatnet forsvann, hadde SIL Fotball i dialog med Hafslø IL reserveløysingar klare under Lerum Cup 2018 dersom det same skulle skje igjen.

Reserveløysingane bestod av tankbil med drikkevatt i beredskap i Moane, og moglegheiter for å kople om vatn frå Hafslø-vatnet til toaletta. Vasstilførsla fungerte godt under Lerum Cup 2018, og det vart ikkje behov for å ta i bruk reserveløysingar.

Stadionstyret vil takke alle som har hjulpe til med dugnad og arbeid på anlegga våre både i Moane og sentrum i løpet av sesongen 2018.

Årsmelding frå hoppgruppa

Gruppestyre: Per Birger Lomheim (leiar, trenar), Jon Ove Lomheim (driftleiar skitrekk, trenar, info), Ove Fredheim (driftsleiar vinsj, trenar), Vegard Bondevik Lie (trenar), Ellen Sophie Wangensteen Fredheim, Geir Afdal

Avståtte tillitsmenn

Sogn og Fjordane Skikrins: Jon Ove Lomheim, nestleiar hopp
Norsk Skidommarlaug: Per Birger Lomheim, NSF-dommar, styre S. og Fj.

Representasjon

Idrettstinget i Sogndal 14. april: Per Birger Lomheim
Årsmøte idrettsråd: Per Birger Lomheim
Generalforsamling skisenteret: Per Birger Lomheim
Skikrinsmøte 14. mai Skei: Jon Ove og Per Birger Lomheim
Idrettens møteplass 27. oktober: Jon Ove og Per Birger (idrettskrinsen i Sogndal)
Barneidrett, kurs 29. oktober: Per Birger (prosjekt, saman om barn og unge)
Aktivitetsleiarkurs 16-17/2 Per Birger koordinator (arr. Idrettskrinsen.) og 3 stk HIL.

Trening

Grunntreninga for yngre er i samarbeid med dei andre skigruppene og barneidrettsgruppa. Det framfor alt viktig at ungane er i aktivitet, og at dei opplever glede ved **meistring** i fleire idrettar.

Skicup og Telenor-aktivitetar på skisenteret er viktige faktorar for utvikling. Ut over dette trening i samfunnssalen og Kvamsbakkane.

Aktivitet

Framleis er hoppbakkane i Kvam det sentrale for hoppporten i Hafslo. Men det kostar mykje arbeid for både trening og konkurranse.

Det meste av av innsatsen til gruppa er arbeid i Kvamsbakkane. Det er traktorarbeid, vinsj arbeid med rull, preparering, trakking med og utan ski, slådding (traktor), sporsetting, ettersyn og vedlikehald m.m.

Arrangering av renn i Kvamsbakkane

- SFE-cup 13. januar. Det vart hoppa i 4 bakkar.
- SFE-cup 1. februar og 27. februar.
- Vestlandscup 28. januar vart utsett og flytta til 4. februar med 15 deltakar frå Hafslo, Sogndal, Jølster, Førde og Hemsedal. Fine forhold med minus 12 til 10 grader.
- 6. februar trente 15 elevar frå Sogndal folkehøgskule hopping i dei to minste bakkane i Kvam, med instruksjon av Per Birger.

Telenor-cupen

Hoppgruppa har vore med og arrangert Telenor-cupen på Skisenteret med avslutning den 21. mars. Skicupen og Telenor-cupen er viktig og eit positivt grunnlag for våre yngre utøvarar. Jon Ove har tilrettelagt småhopp ved skicupen og hatt instruksjon der på onsdagar.

Deltaking

13. april var Jon Ove og Per Birger dommarar under NM-telemark på Sogn Skisenter.

Bård Inge Fredheim deltok på sommarleir ei veke i juni med skihopping i Midstubakken. Erlend Sie deltok i haustferien på treningssamling i Orkanger (Knyken), saman med hopparar frå Fjordane og Møre, etter invitasjon frå Hedmark- og Oppland hoppkrets.

26. november hadde hoppgruppa dugnad med rydding av skog/kratt og klargjering av bakkane for sesongen. Onsdagen etter rydding i brakkene m.m.

Resultat

Deltaking på diverse renn

- 6. januar var Ove og Jon Ove på treningsrenn i Stryn.
- 21. januar var hopparane våre på **KM** i Stryn. Krinsmeisterskap til Bård Inge, Erlend og Jon Ove. Erlend og Jon Ove vann også kombinert.
- 25. februar Vestlandsmeisterskap i Tunåsen på Bulken. Førstepremiar til Gabriel Afdal, Bård Inge Fredheim, Erlend Sie, Ove og Jon Ove.
- 4–11. mars var Ove og Jon Ove på VM for veteranar i Planica, Slovenia. Ove kom heim med 3 bronsemedaljar og Jon Ove med 2. Det vart **5 bronsemedaljar** til Hafslø. To av bronsemedaljane kom frå deltaking på landslaget til Norge.
- Bård Inge var med på Solan Gundersen-landsrenn for klassane 12–14 år i Alvdal 2–4. mars. Han deltok på krinslaget til Sogn og Fjordane som hadde ein deltakar frå kvar klasse. Det vart ein 11. plass av dei 26 krinslaga som deltok.
- 24. mars var det områderenn i Framnesbakken på Vossestrand med 44 deltakarar. Benjamin Afdal vann klassen sin i K-25. I k-52 bakken vann Bård Inge Fredheim 13-årsklassen, Erlend Sie 15 årsklassen og Jon Ove veteranklassen.
- Ove Fredheim har delteke på norgescuprenn, mellom anna i K-120 meter på Lillehammer.
- Det var 4 Vestlandscuprenn (hopprenn i Stryn, Hafslø, Bulken og Vossestrand). Samanlagt vann Bård Inge 13-årsklassen, Erlend 15-årsklassen og Jon Ove felles senior/veteranklassen i hopp. Erlend og Jon Ove vann også klassane sine i kombinert.
- Den 28.–29. desember var Erlend og Jon Ove på julesamling og renn i Gausdal/Follebu. Det var trening i K-40 og K-60 meter fredag. Renn i K-60 på laurdag. Det vart 4. plass til Erlend og 2. plass til Jon Ove (1,5 poeng bak vinnar Nils Olav Kongsvik frå Førde i veteranklassen).



Dugnad

Hoppgruppa har delteke med dugnad på Lerum cup og Haustmarknaden.

Økonomi

Utøvarar og foreldre tek framleis ein stor del av reiseutgifter m.m. til renn og arrangement.

Kan her nemna Bård Inge på Solan Gundersen-landsrenn i Tolga og sommarsamling i Midstubakken ei veke, Erlend på samling i Knyken i Orkanger og våre to veteranar under VM i Planica (Slovakia) ei veke.

Sesongen 2019

Det har vore ein uvanleg haust og med snøfri julehelg i bakkane. Utøvarane har førebudd seg ved trening i samfunnsalen.

Dei har dessutan vore på samlingar/trening i Midstua, Stryn, Knyken, Lysgårdsbakkane og Gausdal etter vintersesongen 2018. Hoppgruppa skal arrangera SFE-kupp 14. januar og 31. Januar. Dessutan krinsrenn/Vestlandscup 10. februar.

Oppsummering

Etter forholda har gruppa bra aktivitet takka vere ein iherdig og stor innsats av gruppa og foreldre. Utan tilrettelegging, samarbeid og oppfølging på alle plan vert det ikkje miljø og resultat. Dei største vanskane våre er at anlegget i Kvamsbakkane ligg langt frå idrettsmiljøet på skisenteret og dessutan tilgang på maskinelt utstyr. Vi kan ikkje konkurrera i høve tilbod, spesielt på junior-/senior-nivå.

Til slutt vil hoppgruppa takka alle som har hjulpt til. Spesielt Tom Idar Kvam som har utført fresing på vegen opp til parkeringa ved hoppbakkane. 29. januar kom det 95 cm. med snø, og Per Birger køyrde seg fast med traktor under preparering og fekk då god hjelp av Tom Idar med traktor. Stor takk.

Dessutan ei takk til Sogn Skisenter for tilrettelegging av forhold for gjennomføring av Telenorcup-aktivitetar for yngre.



Årsmelding for alpingruppa

Gruppestyre: Jørgen Berg (leiar), Kjetil Aspelund, Hans Olav Hellesøe, Elisabeth Sætren
Hovudtrenar: Geir Foss

Trening/aktivitet

Vinterhalvåret hadde me treningar kvar tysdag (slalåm) onsdag (storslalåm) saman med Luster Telemark. Dette fungerte godt, me var ein fast gjeng samt nokre nye på kvar trening. Geir Foss hadde hovudansvaret og gjorde ein fantastisk jobb på dette. Instruksjon med rettleiing vert gitt for å møte utfordringa med å instruera mange samtidig, der det er forholdsvis stor alders- og nivåforskjell. Me ser at det også er eit behov å ha trenarar som kan vise og hjelpe til i barnetrekket.

Me har som i fjor hatt byttedag i november saman med bytte/sal dag på Sogn Skisenter, noko som vart ein suksess, der det også vart 15 prosent på sesongkort, så køen var lang. Både skisenteret og skigruppene var nøgd med å samla dette. Alpinustyr er dyrt, og kanskje er det mange som har utstyr liggjande. Det viktigaste er at aktiviteten i bakken blir større og at ungane opplever idretten som morosam! Me brukar aktivt Facebook-sida (Hafslo alpin) til aktivitetar også, då det kan vere meir effektivt. I tillegg har me ei lukka gruppa for alpingruppa samt nokre tidlegare alpinistar og enkelte andre.

I skrivande stund fortset ein med ein ny krinstreningsmodell ved ny adm. sjef Ingrid Narum med eigen krinstrenar Anders Neteland med utgangspunkt i Jølster, der klubbane etterkvart skal overta meir for rekruttering, medan aldersbestemt trening vil bli meir styrt frå krinsnivå.

Me har også ei munnleg avtale med Sogndal alpint, der me forsøker å få til eit meir robust miljø utan at dette skal gå ut over breidda. Me ser at i større samheng blir klubbane for små kvar for seg, og at dette kan gjerast meir slagkraftig. Samstundes er det naudsynt å ivareta eigne løparar på ei god måte, og bygge eit godt miljø og fundament der ein er i ulike idrettslag. Det er ei utfordring der nokre løparar reiser mykje vekk på samlingar medan andre satsar meir lokalt.

Deltaking og resultat 2018

SPV-renn i slalåm i Sogndal 17. februar og storslalåmrenn 18. februar på Sogn Skisenter vart avvikla med mange gode tilbakemeldingar. Nokre av utøvarane har i år delteke på hovudlandsrenn, kretsrenn i Sogndal og andre stader i fylket. Det er svært positivt og sosialt både for utøvarane og foreldre å delta på renn utanfor eigen kommune. Utøvarane lærer masse, og syner god utvikling der mange tek gode steg i riktig retning. Det er små marginar og mange detaljar som skal klaffe.

Resultat 2018 <https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/alpint/resultat/resultat-2018/>

SPV, SSL 18.02

Hafslo Alpin avvikla eit vellukka lokalt arrangement i Sparebanken Vest Alpicup ved Sogn Skisenter med mange deltakarar frå heile fylket. Rennet var unnagjort på kort tid, noko som vitnar om at alpingjengen er byrja å få gode rutinar på arbeidsoppgåvene når det er renn. Alpingruppa fekk også skryt frå skikrinsen og TD (teknisk ansvarleg) for rennet, noko som er verdt å ta med seg vidare. Det er alltid ting me kan gjere betre, men positivt å lukkast av og til.

Me har noko å gå på når det gjeld tidtakingsutstyret og testing av dette i forkant.



HRN- 17.03 med 105 påmeldte

I 2018 sto Hafslo Alpint som medarrangør av Heggmyrane Rett Ned (HRN) ned utforløypa saman med Luster Telemark og Sogn Skisenter. Alpingruppa var godt representerte med

dugnadsfolk og utstyr. Det var mange vaksne og ungar som deltok. Reipelykkja vart fjerna pga. Sikkerheita, til glede for enkelte. Masse flotte premiar blei delte ut.

Det er mykje jobb å organisere HRN i forkant og få tak i sponsorar slik at dette går rundt. Ikkje minst er tidtakinga og utarbeiding av startlister/resultatlister etterkvart ei utfordrande oppgåve, då me har mange årsklassar kombinert med to ulike greiner for høvesvis telemark og alpint i ein og same konkurranse; ei slags kombinert-øving. Avhengig av snøforholda har me landa på ein modell veka før påske der ein får ekstra deltaking frå tilreisande.

Mange av alpinistane som t.d. Wilma og Eskil fekk vist kva dei er gode for i ei lokal setting med svært gode tider. Det er gøy, og det sosiale og sportslege er ivaretatt.



Påskerenn

Påskerennet vart pga. forholda ein kjempesuksess med mange påmelde. Improvisering og testing med tidtaking utandørs fungerte også bra.



Dugnad

Alpingruppa fekk heller ikkje i år hovudansvaret for overnatting på skulane på Hafslo under Lerum Cup i samarbeid med langrenn og hopp, då det nye skulebygget ikkje tillet dette. Det vart difor ei omdirigering inn mot kiosk og parkering. Dette har vore ei viktig inntektskjelde med mange dugnadstimar for alpingruppa, og me fekk difor noko redusert dugnadsinntekt.

Det har i september vore dugnad for skisenteret med beising av garasje og tidtakarbu. Dette for å sleppe treningsavgift frå skisenteret. Neste sesong vil ein fortsatt diskutere ytterlegare ordningar for å kompensere dugnadsinnsats med lågare pris på sesongkort.



Rekruttering og mål

Rekruttering og breidde er heilt klart hovudfokuset til alpint. Vårt mål er at alle skal bli betre på ski og skape eit godt miljø! Me brukar Telenorkarusellen som ein del av rekrutteringa gjennom barneidretten, der fokuset er leik og moro på ski.

Vidare i åra som kjem blir vårt hovudfokus å få opp ein større aktivitet i alpin med tilpassa teknikk på ulike nivå. Det er også ynskjeleg å fortsette det gode samarbeidet med Sogndal vidaregåande skule.

Me fortset å bruke SMS-gruppe, som betyr at me kan sende gratismeldingar innad i alpingruppa ved kjappe avklaringar som skal gjerast. Dette har fungert bra, då alle i gruppa kan sjå svaret som kjem og ingen blir gløymt. Det er både eiga treningsgruppe og gruppe for berre alpingruppa. Tanken er særleg at ein under renn og liknande skal sleppe å forholde seg til mange telefonnummer, og kunne sende ei melding til gruppa dersom ein lurar på noko eller skal komme med ein viktig beskjed. Det skal også vere litt sosialt.

Vi har til saman 5 trenarar (Baste Anthun, Tom Hjelmeseter, Jonny Øvrebø, Kjetil Aspelund og Rune Frækaland) i T1 (trenar 1 kurs). Ansvarleg for dette har vore Geir Foss.

Jørgen Berg har TD-kurs og vore på nokre lokale renn på arrangørsida.

Me prøver fortsatt å få til eit samarbeid med skikrinsen vedrørande trenarutdanning. Då må alle som ynskjer å vere med som trenarar melde seg og bli med. Me treng trenarar for dei heilt unge til dei litt eldre, så har du interesse og gjerne litt erfaring, så ta kontakt.

Oppsummering

Stabil gjeng hittil, der det nå må gjerast nokre tøffe val. Leiar ser seg nøydd til å la andre overta og andre i gruppa er også på veg ut, enten pga. skigymnas eller at dei har slutta som aktive. Me er fleire som er aktive innafor andre idrettsgreiner og miljø, noko som er utfordrande når det gjeld tid. Me treng å vere fleire då det er ein del oppgåver å fordele. Også tidlegare alpininteresserte i bygda bør vere positive når me spør dei om hjelp, dette varmar veldig og gir motivasjon til å fortsette med å byggja eit alpinmiljø.

Me var tidleg ute med sosiale media i tillegg til den nye sjølvbetjente heimesida, og vi legg ut info og aktuelt stoff/lenkjer, noko som har ført til mange «likes». Det er viktig å kome ut med informasjon tidleg som t.d. terminlista, då mange planlegg vinteren. Vi meiner at dette også er med på å synleggjere alpingruppa meir i lokalmiljøet og elles.

Kommentar til økonomien

Det er alltid ei utfordring at økonomien skal avsluttast midt i "alpinåret", så derfor kjem alpin ut med eit underskot i år. Årsaka er bl.a. mindre inntekt frå renn og dugnad (Lerum Cup). Mykje av investeringane er tekne, og materiallista ajourført med nokre nye kortstaur som er kjøpte inn med fellesmidlar. Sikkerheitsnett er løyst ved at me saman med Sogn Skisenter og Luster Telemark fekk tilslag på heile 235 meter med pent brukt nett frå Italia. Dermed treng me ikkje lenger låne sikkerheitsnett frå Sogndal, som me har gjort fram til no.

Me vil nok ein gong takke Geir Foss frå Sogndal for den jobben han har gjort som hovudtrenar, både inne og ute og som ein god rettleiar for både foreldre og utøvarar med alt som måtte ha med alpin å gjera! Me vil også rette ein stor takk til alle som er på Sogn Skisenter for ein fantastisk jobb dei gjer. Alpinbakkane er alltid flott trakka, så treningane og renn er ein fryd å gjennomføra. Det er lett å vera i alpingruppa med eit slikt team som Sogn Skisenter stiller med! Tusen takk til Hafslø Idrettslag som er villig til å satse på alpinsporten, då dette er ein dyr sport i eit lite idrettslag. Takk til alle som har hjulpet og støtta oss gjennom året!

Årsmelding for foreldrelaget for aldersfastlagd fotball

Gruppestyre: Jim Sletten, Elisabeth Haganes Fimreite, Erna Hamrum (leiar)

Undergruppe/kiosknemnd Lerum cup: Britt Brugrand, Ann-Elisbeth Skjerven, Erna Hamrum

Formål


Foreldrelaget har to formål:

- Medverka til eit godt sosialt miljø for spelarane på aldersfastlagde lag
- Syta for økonomisk bidrag for juniorfotballen

Sosialt miljø

Det er viktig at det blir skapa trygge, akseptierende og inkluderande rammer rundt kvart lag. Teamet rundt kvart lag er det viktigaste for å skapa desse rammene.

Alle lag har ei ordning med kiosksal på heimekampane sine. I tillegg til at dette gjev laga inntekter til sosiale treff eller turar, skapar det ei god ramme rundt kampane, både for besøkande og fotballfamiliane. Teama serverer oppskore frukt til både borte- og heimelaga.



På heimeturneringar får laga våre mat og/eller drikke i kiosken. I september arrangerte HIL miniputtturnering. Foreldrelaget samordna kiosksalet.

Økonomi

Foreldrelaget har ansvar for vasking av klubbhuset gjennom sesongen. Foreldrelaget er ansvarleg for kiosksalet ved alle turneringar i Moane. Lerum Cup har vore ei viktig inntektskjelde for idrettslaget. Det er inntekta ved denne turneringa som har medverka til at utøvarar i idrettslaget har rimeleg medlemsavgift og mykje lågare trenings- og deltakaravgifter enn lag ein kan samanlikna seg med. Det krev mykje dugnadsarbeid både før, under og etter turneringa. Det blir og leigd inn hjelp til noko av varehandteringa før og under turneringa. All anna innsats er dugnad.

For å få alt til å fungera optimalt på cupen er ein avhengig av fleire nøkkelpersonar som kan jobba sjølvstendig på dei ulike stasjonane. Idrettslaget er heldige å ha mange slike flinke nøkkelpersonar som set av fleire vakter for å få i hamn denne store dugnadsjobben. Totalt var behovet for rigging, kiosksal og produksjon, bosplukking og reinhald, dømning og parkering ca 350 vakter. 2/3 av omsetjinga i kiosken går no via Vipps og betalingsterminal (brukt som minibank). Det er heilt naudsynt for omsetjinga at ein kan tilby fleire betalingsformer.

Omsetjinga på Lerum cup 2018 vart halvert i høve 2017. Årsaka til dette er redusert kampaktivitet i Moane. Større deler av cupen er flytta til Sogndal og Kaupanger.

Tusen takk til alle som var med og hjelpte til ved ulike arrangement i 2018! Takk til alle som bidrog til at fotballaktivitetane har laga positive og gode minne for utøvarane!

Årsmelding for fotballgruppa

Gruppestyre: Kai Inge Cirotzki (leiar), Anne Therese Moen (nestleiar), Mette Johannessen (sekretær), Asbjørn Kjos (miniputtansvarleg) og Nils Einar Sjøhoel (materialansvarleg)

Me har hatt sju styremøter og har behandla 42 saker. I tillegg har me hatt ekstra arbeidsmøte i forkant av miniputtturneringa.

Siste helga i november deltok Kai Inge Cirotzki, Vivian Kvam og Geir Arne Kvam på SFFK si miljøhelg i Førde. Der mottok Vivian Kvam *Blå diplom* for lang og tru teneste i Hafslo IL.

Fotballgruppa har eit årshjul og ein Sportsplan som danner grunnlaget for korleis me planlegg og organiserer arbeidet gjennom sesongen.

Seniorfotball

På seniornivå har me hatt damelag i 4.divisjon.

Damelaget

Trenar: Kai Inge Cirotzki

Dei har spelt i 4. divisjon, som tidlegare, og vart nr. 2 i serien. På ti seriekampar vart det 6 singlar og 4 tap og 32-31 i målskilnad. Damelaget har hatt samarbeid med jentelaget, der fleire spelarar har vore med damelaget på kampar. Ein positiv sesong for damelaget med godt sosialt fellesskap, god stemning og gode sportslege prestasjonar!



Aldersbestemte lag (11–17 år)

Hafslo IL har stilt med 7 lag i seriespel for aldersbestemte lag sesongen 2018; 3 jentelag og 4 gutelag.

J15/16/17

Trenar: Norill Terese Norheim

Lagleiarar: Grete Marie Skårhaug Solvi og Monica Heggstad

Dei har spelt i 9ar/7ar-serie, men spelte mest 7ar. Vart nr. 2 i serien etter 9 singlar, 2 uavgjort, 8 tap og 70-52 i målskilnad.

Nokre ord om turneringane dei har delteke på:

Jentene var kjempefornøgde med Norway Cup. Fellesskapen og samholdet i laget var flott for dei vaksne kring laget å vere med på. Dette vart årets høgdepunkt, ei oppleving for livet. Ramma rundt alle HIL-laga under Norway Cup var eventyrleg, der alle frå fotballfamilien på Hafslo som deltok, kom og støtta opp rundt ungdomane våre.

J 15/17 fekk ein trå start med tap og uavgjort første dagen. Etter dette gjekk det berre oppover med siger i to gruppekampar som førte til A-sluttspel. Etter ein knallsterk 2-0 siger mot Syril i 16-delsfinalen, kom jentene etter kvart heilt til ein historisk kvartfinale i Norway Cup. Der vart det dessverre tap mot Hareid. Jentene, trenar og lagleiarar var likevel stornøgde med prestasjonen, og alle hadde ei super veke saman med jentene. Jenter 15/17 har også delteke på KM innandørs, J 16, der dei kom til semifinale og rauk ut mot Vik på straffespark.



G15/16/17

Trenarar: Joar Duesund, Nils Einar Søhoel, Aleksander Haugen og Tommy Sørensen

Lagleiar: Ove Midtbø

Hafslo G15/17 har hatt eit 11'ar lag i serien, og har hatt ein grei sesong. Laget spelte 18 seriekampar, og vart nr.6 i si avdeling etter 5 singlar, 1 uavgjort, 12 tap og 52-68 i målskilnad. Gutane hadde ei fin sportsleg utvikling, og haustsesongen vart klart betre enn vårsesongen.

Nokre ord om turneringane dei har delteke på:

Gutane på 15 og 16 år deltok med 7ar-lag på Norway Cup saman med eit par av 17-åringane. Laget var nær ved å kome vidare til A-sluttspel, men kom til B-sluttspelet etter å ha blitt tredje beste lag i gruppa på målskilnad. Det enda likevel med eit cupeventyr og til slutt finalesiger for gutane mot Tornado Måløy.

Ei stor oppleving for gutane, trenarar og foreldre, og det var stort å spele B-finale med mange tilskodarar frå fotballfamilien på Hafslo på Ekeberg og å få pokal med heim til Hafslo.



J13/14

Trenarar: Kai Inge Cirotzki og Vivian Kvam

Lagleiar: Camilla Bremer

Dei har hatt eit 9ar lag i serien, der dei rykte opp til 1. divisjon på hausten. Laget vart nr.2 i si avdeling etter 8 kampar i vårsesongen med 6 singlar, 0 uavgjort, 2 tap og 24-27 i målskilnad. Jentene møtte tøffare motstand i 1.divisjon på hausten, og vart nr. 5 etter 10 seriekampar med 2 singlar, 2 uavgjort, 6 tap og 15-39 i målskilnad.

Nokre ord om turneringane dei har delteke på:

J14 stilte med eit 7ar lag og J11/12/13 stilte med eit 9ar lag i J13 klassa på Norway Cup.

J11,12,13 kom til A-sluttspelet, medan J14 kom til B-sluttspelet. Det var ein kjekk turnering og ei fin oppleving. J14 deltok òg med eit lag på Lerum cup; det same gjorde J12/13. I januar deltok J13 på Måløy cup. J13 kvalifiserte seg til KM-sluttspel i Futsal i Sandane.



G13/14

Trenar: Frode Haara

Lagleiar: Mette Johannessen

G13/14 har hatt eit 9ar lag i serien, og hadde ein svært god haustsesong i 2.divisjon som endte med play-off om avdelingssigeren. Gutane tapte «finalen» mot Sogndal, men kan sjå tilbake på ein flott sesong. Etter 7 kampar i vårsesongen vart det 1 siger, 0 uavgjort og 6 tap. I haustsesongen vart det 5 singlar, 1 uavgjort og 2 tap og 39-15 i målskilnad.

Nokre ord om turneringane dei har delteke på:

G12/13 deltok på Futsaltturneringa i januar; den nytta laget som førebuing til å delta i KM-kvalifiseringa i Futsal i februar. Kvalifiseringa var ein stor suksess, og Hafslo IL fekk eit lag vidare til KM-sluttspellet på Sandane i mars. Etter kva me har fått vite, for første gong på gutesida i klubben. I sluttspellet opna laget med siger, men rauk ut i gruppespelet.

På Lerum Cup stilte G12/13/14 eit 9-lag i G13-klassen. Dette er ein signaltturnering for Hafslo IL, og det er flott og riktig at Hafslo IL stiller med så mange lag som mogleg i denne turneringa (med subsidiert påmeldingsavgift). G13-laget var det einaste laget frå Hafslo IL som hadde kampar i Moane, og dei samla mange tilskodarar. Det vart A-sluttspel, med siger i 16-delsfinale og exit i 8-delsfinale. Laget spelte godt og koste seg på den lokale turneringa!

G12/13/14 stilte eit 9-lag i G13-klassen på Norway Cup. Den største fotballturneringa i Noreg var ei oppleving for gutane å vere med på, og dette vart det sosiale og sportslege eventyret som alle kunne håpe på! Det vart A-sluttspel, med exit i 32-delsfinale etter ein batalje av ein kamp mot sterk estisk motstand. Ei viktig og imponerende side ved denne turen var logistikkarbeidet som lagleiar gjorde både for laget og alle deltakande familiar frå Hafslo. Alt frå overnatting, reiseruter, registreringer til sosiale aktiviteter: strålende arbeid!



J11/12

Trenarar: Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki

Lagleiar: Mette Johannessen

Dei har hatt eit 9ar lag i serien, og har spelt mange gode kampar. Mange av jentene har også hospitert på J13/14 i løpet av sesongen.

Nokre ord om turneringane dei har delteke på:

Norway Cup var kjekt, og det gjekk fint sjølv om jentene var unge. Fin tur for klubben som heilheit. OK å bu på skule, og gjekk fint at nokon budde på Anker Apartment. J11 stilte med eit lag på Lerum cup saman med J10.

G12

Trenarar: Kurt Heggstad og Torgeir Kjos-Wenjum

Lagleiar: Astrid Ullestad

Dei stilte med eit 7ar lag i serien, med berre fire G12-spelarar. Nokre G10-, G11-, J11- og J12-spelarar bidrog til at dei kunne stilla med eige lag i serien. Gutane spelte mange gode kampar gjennom sesongen, og dei fleste gutane har, i tillegg, hospitert og samarbeidd med G13/14 på trening og i kampar.

Nokre ord om turneringane dei har delteke på:

G12 har ikkje vore på eigne turneringar, berre saman med G13/14 på Lerum Cup og Norway Cup. Enkeltspelarar har også samarbeidd med G11 på trening og turneringar gjennom sesongen.



G11

Trenarar: Sandhya Karlsen Holene og Kurt Heggstad

Lagleiar: Ove Midtbø

Trass i varierende resultat i seriespelet, har gutane hatt ein flott sesong. Gutane har spelt 15 seriekampar, der resultatane har variert frå 18-5 siger til 1-13 tap. Laget har vore avhengig av hjelp for å ha nok spelarar gjennom sesongen, og stor takk til alle J11-jentene som har vore med på seriekampar sesongen 2018.

Hafslo G11 har delteke på Lerum Cup og Lærdalsturneringa i 2018. På Lærdalsturneringa i september hadde vi med oss to G12-gutar, og laget imponerte med 2 singlar, 3 uavgjort og eitt tap etter 6 kampar!



Miniputt

Miniputtansvarleg: Asbjørn Kjos

Det er omlag 70 gutar og jenter i alderen 6-10 år som har delteke på treningar og turneringar for miniputtar sesongen 2018. Hafslo IL har hatt med ca. 10 lag på dei 4 Kongleriket-turneringane denne sesongen.

Frivillig seriespel for miniputt

Dei eldste miniputt-laga, G9, G10 og J9/10, har også i år delteke i seriespel for miniputt. Seriespel for dei eldste miniputtlaga var eit nytt tilbod for nokre år sidan, og har vist seg å vere eit flott tilbod som er kjekt for spelarane å vere med på.

Miniputtturnering på Hafslo 2. september

Det var påmeldt 46 lag og 241 spelarar (fasit etter premieutdelinga var 237 spelarar).

Det vart spelt 90 kampar under turneringa og scora 382 mål.

Turneringa hadde kampstart kl. 11 og siste kamp var ferdig kl. 15.

Elles hadde me kakesal til inntekt for *Barn hjelper barn*; her vart det selt 184 kakestykke til 10,- pr. stk. noko som til saman vart 1840,-.



G/J6

Trenarar: Anne Therese Moen, Tom Dyrdal og Inge Jonny Lomheim

Lagleiar: Ine Jeanett Skjerven

J7/8

Trenar: Lars Olav Halleråker

Lagleiar: Anne Lene Sygna Halleråker

G7

Trenar: Jeanett Johannessen

Lagleiar: Anita Sjøthun

G8

Trenar: Vegard Bondevik Lie

Lagleiar: Mariska Solheim

G9

Trenarar: Styrk Hofslundsengen og Åge Ruud

Lagleiar: Anne Therese Moen

J9/10

Trenarar: Jannike Skår og Mara Frattasio

Lagleiar: Ingvild Kjos

G10

Trenarar: Bjørn Arild Grindhaug og Kurt Norheim

Lagleiar: Ine Jeanett Skjerven

TINE Fotballskule

TINE Fotballskule Hafslo vart arrangert_for 11.året på rad siste veka før skuleferien, for born i alderen 6-12 år. Trenarar, flinke ungdomsspelarar og foreldre stilte opp som instruktørar. 70 gutar og jenter deltok på årets fotballskule. Det vart som vanleg tre flotte dagar med fotballaktivitet i Moane, og også i år vart fotballskulen avslutta med grilling siste dag. Takk til Erna som ordna grillmat.





Flinke instruktører med velfortente diplomar etter strålande innsats på Tine fotballskule!

Keeperskulen på Kaupanger og i Sogndal

Hafslo IL har hatt fleire deltakarar på årets keeperskular. Dette er eit flott tiltak for målvaktene våre.

Det er òg fleire av målvaktene våre som deltek på onsdagstreningane for målvakter i Sognahallen om vinteren.



Sonelag

Hafslo IL har hatt fleire spelarar med på sonelag; spelarar som har vore inne på tiltak er Mari Urdal Cirotzki, Sigrid Harriet Kvalen, Synne Lomheim Tang, Anna Grindhaug, Christina Haugen, Leni Ruud, Andreas Haugen Duesund, Jakob Haara og Noah Heggstad.

Laurdagstrening

Laurdagstreningar på kunstgrasbana har halde fram i 2018. Dette er eit tilbod for dei som ynskjer ekstra trening; der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar på treningane. Dette er eit populært tiltak, der det har vore i snitt 15-20 påmeldte kvar laurdag. Tilbodet har vore for 10 år og oppover. Kurt Heggstad har hatt ansvaret for alle treningane og opplegget rundt. Medhjelparar: Torgeir Kjos-Wenjum, Bjørn Arild Grindhaug, Vivian Kvam og Kai Inge Cirotzki.

Dommarar

Hafslo IL har ingen som dømmer på krets nivå; me har ein observatør. Det er vanskeleg å få unge til å ta rekruttdommarkurs. Utfordrande å skaffe dommarar til 11`ar kampar og delvis 9` ar kampar; mange av dei unge dommarane vil ikkje dømme kampar der det er offside.

Oppsummering

Det er stor og god aktivitet i fotballmiljøet på Hafslo. Takk til alle foreldre, trenarar og andre ressurspersonar som bidreg til at dette let seg gjennomføre; me er heilt avhengig av dykk for å kunne gje det tilbodet me har.

Me har like store utfordringar på anleggssida som i 2017. Mangel på lys på grasbana gir oss ein del utfordringar når det kjem til avvikling av kampar om hausten; dette må settast fokus på neste sesong. Ein bør òg prioritere å få på plass ei kunstgrasbane 11`ar i Moane (grusbana).



Årsmelding for orienteringsgruppa

Gruppestyre: Pål Iversen (leiar), Ove Oklevik, Trond Sekse

Orienteringsgruppa gjennomførte 2018-sesongen til punkt og prikke. Vi har hatt ungdom på kurs. Vi har hatt deltakere på kretsløp. Vi har arrangert nærløp. Vi har oppdatert kartene i tråd med anleggsplanen. Vi har samarbeidet med andre orienteringsinteresserte folk. Vi har hatt styremøte og vi har holdt budsjettet.

Utdanning

Audun Oklevik har gjennomført løypeleggerkurs, nummer to i rekken.

Aktivitet, deltakelse

Hafslo IL hadde en deltaker på kretsløpet Sogndalssprinten 31.08.18. Der tok Karen Street 4. plass. Vi har hatt deltakere på nærløpene, som arrangeres i samarbeid med o-gruppa i Sogndal.

Aktivitet, arrangement

Vi arrangerte ett nærløp, i Oklevik, 06.06.18. Ove og Audun Oklevik hadde ansvaret for løypene, så det var selvsagt et glimrende arrangement. Det var 16 løpere som deltok – det er ikke så mye. Oklevikmarka har plass til mange flere.

Avgitte tillitsvalgte

Ove Oklevik har vært styremedlem i Sogn og Fjordane Orienteringskrins, og representerte Hafslo IL der.

Samarbeid

Bjørn IL og Sogndal IL si o-gruppe har lånt utstyr av oss for å arrangere løp. Hafslo skule brukte deler av løypene fra juni-løpet i Oklevik i undervisning.

Vedlikehold av kart

Orienteringskart er definert som anlegg, og reguleres blant annet av vår anleggsplan. De må oppdateres. I skogen vil hogstfelt, anleggsveier, bygging osv medføre oppdateringsbehov. I bebygd område er det stadige endringer, og da må synfarere ut å se, og kart-tegneren må bruke noen timer med dataprogrammet. Vi har i år oppdatert to kart: Gaupne sentrum og Hafslo skule. Det oppdaterte Hafslo-kartet er på neste side.

Planer for 2019

Vi planlegger en 2019-sesong på nivå med 2018. Litt aktivitet, litt deltakelse, godt samarbeid med andre, nøktern budsjettstyring og presist vedlikehold av kartene. Det ventes ingen revolusjon i o-sporten på Hafslo i 2019, altså.

Vi oppfordrer barn, ungdom og voksne til å delta på de ukentlige treningene som blir arrangert i Sogn. Terminlister ligger på nettet. Det er alltid flere løyper i ulik vanskegrad, som passer fra nybegynnere til ordentlig flinke

Årsmelding for trimgruppa

Gruppestyre: Ann-Elisbeth Skjerven, Adrienne Kvam - ansvarleg for trimskjema, Line Hillestad Espeland - friidrettskontakt, Tomas Kjølraug - økonomiansvarleg, Audhild Moe og Katrin Læg Reid Nes - leiar og rep. i gruppa for barneidrett.

Stryret har hatt gruppemøte i klubbhuset i Moane. Me har hovudfokus på uorganisert trimtilbod til medlemmane i idrettslaget – gjennom 25 trimbøker som ligg ute heile året.

Trimbøkene

Trimbøkene har vore godt besøkte, med Beimshytta som den mest besøkte fjellboka og Gamlevegen mellom Hafslo og Solvorn den mest besøkte 10-poengsboka, med Huarplassen og Stemmingo hakk i hel. Medlemmane i gruppa har fordelt bøkene mellom seg og «passar» på desse gjennom heile året.

Gruppa har og fått midlar til 5 nye trimpostkassar, der dei fleste har kome på plass i 2018. No har hovudstyret sponsa oss med 5 nye, noko som er kjempelott. Då er me oppe i 20 nye, flotte postkassar. Me har no fått Hafslo klistremerke til alle trimpostkassane våre.



Trimmian

I 2018 deltok 58 medlemmer på Trimmian. Av desse var det 40 barn og ungdommar som deltok på barnetrimmen (til og med grunnskulealder). 27 spreke barn og vaksne var innom alle bøkene våre og fekk hanskar, panneband el t-sjorte som bevis på at dei vart Trimmian 2018 . Flott innsats av mange her.

Sedrik Kauppi Norheim fekk beste resultat av alle barnetrimmarane, og Monica Heggstad vann kåringa av beste Trimmian med over 500 poeng, 11 spreke trimmarar hadde dette.





Velfortente Trimmian-premiar til små og store spreke trimmarar vart delt ut under Haustmarknaden!

Nokre av bøkene frå 2017 er no skifta ut og nokre nye bøker er på plass. Molden og Svarthiller er tilbake.

Idrett for alle

Trimgruppa har utdanna 3 aktivitetsleiarar dette året. Dei deltok i tillegg på eit paraidrettskurs. Dette er Gabriela Alberska, Eli Sletten og Kristine Fardal Norheim. Desse har hatt ansvaret for *Idrett for alle* hausten 2018. Trimgruppa er imponert over det flotte arbeidet dei gjer her. Saman med Katrin Læg Reid Nes utgjør dei trenerteamet.

Det er to aktive deltakarar i gruppa *Idrett for alle*, Marta Alme og Natalie Tokvam, som har vore på Løveleikane, Byrkjelo leikane og Grenselause idrettsdagar i Førde. Flotte ambassadørar for HIL.



Stiprosjekt

Dette året har trimgruppa saman med Hafslo bygdelag og Hafslo sogelag starta arbeidet med å få til arbeid med å oppgradere stiane våre rundt om på Hafslo. Bjarne Venjum er koordinator. Trimgruppa har fått tak i 10 fadrar til stiar. Dei vil ha ansvar for stiar og merking.

Anna

Saman med barneidretten arrangerte me friidrettskveld i Moane. I år har fire vaksne tatt idrettsmerket. Per Birger Lomheim tok sitt femtiande merke. Gratulerer so mykje til han.

På avslutninga til skicupen deltok gruppa og hjelpte til.

I gymsalen møter det ein gjeng damer på tysdagane som spelar volleyball. Aktiviteten organiserer dei sjølve. Dei har eiga Facebookside, der aktiviteten vert organisert.

6 medlemmer i trimgruppa ser tilbake på eit godt trimår, og 4 stiller seg til disposisjon i 2019.

Årsmelding frå barneidretten

Gruppestyre: Laila Haugsvær (leiar) og Monika Reime (nestleiar).

Barneidrettsgruppa er samansett av leiar og nestleiar. Vi har samarbeida med representantar frå dei andre særgruppene som har hatt ansvar for sine aktivitetar. All idrett organisert av HIL for barn til og med 11 år er ein del av barneidretten, og barneidrettsgruppa set opp ein felles plan for kvar sesong. Særgruppene har ansvar for kvar sine aktivitetar alt etter sesong, og hovudmålet for barneidrettsaktivitetane er at ein skal ha eit variert og allsidig program der ein i løpet av året er innom mange ulike idrettsaktivitetar.

Aktivitetar

Får januar til påske var det skiaktivitetar kvar onsdag på Heggmyrane. Me hadde ansvar for registrering av deltakarane. Det var ein flott og snørik vinter med godt oppmøte kvar onsdag. Totalt 125 registrerte barn. I samarbeid med langrennsgruppa hadde vi ulike skileikaktivitetar og tidtaking. Hoppgruppa stilte opp med hoppbakke i løypetrassèen, noko som var populært hos mange barn. Vi avslutta skisesongen med felles kveldsmat og premieutdeling saman med hoppgruppa og alpint.

I vårsesongen arrangerte vi sykling på skuleplassen, friidrett og tre turar «på bok» / sosialturar. Sykkelaktiviteten hadde godt oppmøte. I samarbeid med fotballgruppa vart friidretten arrangert i staden for fotball ein onsdag i mai. Dette gav godt oppmøte. På den eine sosialturene deltok to barn, på den andre sirka ti barn.

Frå skulestart til haustferien arrangerte vi to sosialturar «på bok», friidrett i Moane og sykling på skuleplassen. Bra oppmøte på sykling og friidrett, men låg deltaking på sosialturene. Noko meir deltaking på den eine sosialturen som vart arrangert i fotballtreningstida, men då var det særleg dei yngste barna som deltok.

Etter haustferien starta vi opp med program i gymsalen. Barna vart delt inn i grupper etter alder. Måndagar hadde vi fokus på motorikk, balanse og leik. Vi har fått hjelp av foreldre til å arrangere treningane, og vi vil nytta høve til å takke for god innsats. På onsdagane har vi hatt fokus på ulike ballspel. Vi har i samarbeid med fotballgruppa hatt ansvaret for innhaldet i treningane på onsdagane. Det har primært vore veksla mellom handball og fotball, men barna har og fått prøvd andre ballspel som basketball og kanonball. Det har vore veldig godt oppmøte på treningane, rundt 15 på kvar gruppe. Me avslutta sesongen med klatring og bading i Skjolden. Der fekk vi god hjelp av Katrin Læg Reid Nes som badevakt og Tor Erik Ones som klatreinstruktør. Vi avslutta med kveldsmat før vi reiste heim. På avslutninga var det god deltaking, 20 barn deltok.



Skileik på Heggmyrane



Tur til Huarplassen



Friidrett i Moane



Sykkelaktivitet ved skulen

Årsmelding frå langrennsgruppa

Gruppestyre: Kjersti Eikum Tang (leiar), Jorunn Hillestad Sekse, Trond Sekse og Kurt Norheim.

Gruppa har hatt berre to møter dette året, men godt samarbeid og kommunikasjon på Messenger.

Vinteren 2018 var snørik heilt frå start, og treningar og onsdagsrenn på Sogn Skisenter kom i gang tidleg i januar. På første onsdagsrennet (som vart arrangert saman med barneidrett og hopp) var det over 100 ungar som deltok. Både deltakinga og forholda heldt seg gode heile vinteren.

Trond og Jorunn tok hovudansvar for langrennstreningane. Det vart samarbeid med Bjørn IL ut på vinteren, der gruppene vart delt etter alder. Deltakinga på treningane har vore god, men det var ikkje mange deltakarar frå Hafslo på renn dette året.

Me avslutta langrennsesongen med å arrangere eit skicrossrenn i området ved banktrekket, for løparar frå Hafslo og Bjørn. Me hadde premieutdeling og felles kveldsmat i kafeen etterpå. Her deltok så og seie alle som hadde vore med på treningar i vinter. Kjekk og sosial avslutning av sesongen.

Me deltok òg på avslutninga til onsdagsrenna saman med trim og barneidrett. Også her var det kveldsmat og premieutdeling i kafeen på Sogn Skisenter. Over 100 ungar og foreldre fekk Telenor-premie og statuett frå HIL.

Palmesøndag arrangerte me Hafslovatnet Rundt. Me trudde heilt til det siste at me skulle kunne ha rennet på isen, men nok ein gong så måtte me flytte til Heggmyrane i siste liten. Talet deltakarar var lågt ca. 70 med smått og stort (aktive og trimmarar), og premieutgiftene er høge. Me har oppsummert med at langrennsgruppa ikkje kan ta desse kostnadene åleine. Om rennet skal forsette må det ha ein eigen økonomi.

I haust har skigruppene i fellesskap hatt ansvar for barmarks- og gymsaltrening tysdagar og torsdagar. Tysdagane er det Jorunn Sekse, som saman med ungdomane Jørgen Sekse og Sedrik Norheim har vore instruktør. Torsdagane har ungdomane Stina Hillestad, Johanna Skårhaug Solvi, Ida Lomheim Tang og Katarina Heggstad vore instruktørar. Det har vore godt oppmøte på desse treningane, og det er ekstra kjeft å sjå at ungdomane har teke ansvar.





Rask



Personleg

Indre Mongolia eller ytre Slinde?

Same kor du bur kan me gi deg lånesvar på timen og brukarvenleg mobilapp. Men du kan òg ringja oss i opningstida og få svar med det same – utan å snakka med robotar! Prøv oss på **57 68 27 00**. Me har dei mest nøgde kundane i Sogn!*

Luster Sparebank

luster-sparebank.no

